



Arkivnr: 2014/11856-1  
Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.04.2014

## Stend - fornying av avtale om leige av grunn

### Samandrag

Stend vidaregåande skule har lang tradisjon for å leige ut areal til andre. Leigeavtalen for eit areal på 7,5 daa, «Bakvollen», har gått ut, og ein har forhandla fram forslag til ny avtale. Vilkåra er stort sett uendra.

### Forslag til vedtak

Leigeavtale med Fana Stein AS om «Bakvollen» vert godkjent.

Johnny Stiansen  
Fung. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
Fung. fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Utkast til leigeavtale om «Bakvollen»

**Fylkesrådmannen, 25.03.2014**

Fana Stein har i fleire år leigd eit areal med namnet «Bakvollen» frå fylkeskommunen. Arealet er på 7,5 daa og ligg på gnr. 97, bnr. 1 som er eigedomen til Stend vidaregåande skule. Forslag til ny avtale har varigheit til 31.12.2019. Årsleiga er sett til kr 15.000 pr. daa som er omtrent tilsvarende leiga p.t. etter justering for Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.

Fylkesdirektør økonomi handsamar som hovudregel sakar om leige av eigedom, jf. fullmaksreglementet til fylkeskommunen pkt. 1.2. Han har fullmakt til å «Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader eller lokale». Ubygd areal er ikkje medrekna, og fullmakt til å inngå leigeavtale om dette ligg altså framleis hos fylkesutvalet.

Avtalen er elles ei vidareføring av tidligare avtale.